ÅSANE BRIDGEKLUBB

Alerten

Meldingslapp for Åsane Bridgeklubb

Nr 16. – 18. okt 2011

11. årg.

2011-10-11 - 18 To-kvelds Monrad lag – Resultat 11. oktober:

14 lag. Antall runder: 4.

Plass	Lag	Poeng	Navn	Lagsammensetning	Klp	(PR SPELAR)
1	6	80	Lys og varme	Engeberg - Fjeldstad - Leiten - Nilsen	168	(42)
2	7	75	Kronelaget	Melchersen - Skaar - Haukenes - Kronen	112	(28)
3	13	73	Bjørgo	Bjørgo - Hermansen - Haugstad – Gundersen	76	(19)
4	9	72	Klugis United	Andersen - Fløysand - Helland - Kjøraas	52	(13)
5	2	67	Øyfolket	Henden - Obrestad - Sæbø - Sæbø	36	(9)
6	14	65	Tordensky	Lønnebotn - Aam - Engum - Dale		
7	5	64	Samningane	Mjøs - Kulild - Gåsdal - Nordvik		
8	12	62	Dei håpefulle	Bastiansen - Hirth - Sandvik - Eriksen		
9	8	58	David mot Goliat	Ueland - Glærum - Eide - Alfheim		
10	11	48	Harry og co	Ulvatn - Nilsen - Underhaug - Jacobsen		
11	3	46	Knute på tråden	Sætre - Eide - Brænden - Thorbjørnsen		
12	1	44	Åsemor og gjengen	Myhre - Devold - Heggelund - Andreassen		
	10	44	Vi gir oss aldri	Wathle - Brynie - Eikeland - Tveit		
14	4	34	Mur og Puss	Selvik - Jensen - Nygaard - Nygaard		

Runde: 1

Lag		IMP	Poeng
13 Bjørgo	14 Tordensky	19- 0	21 9
7 Kronelaget	8 David mot Goliat	16- 9	17 13
9 Klugis United	10 Vi gir oss aldri	15- 7	17 13
5 Samningane	6 Lys og varme	9-12	14 16
11 Harry og co	12 Dei håpefulle	19-26	13 17
1 Åsemor og gjengen	2 Øyfolket	10-19	12 18
3 Knute på tråden	4 Mur og Puss	5-15	12 18

Runde: 2

Lag		IMP	Poeng
9 Klugis United	1 Åsemor og gjen	47-12	25 4
14 Tordensky	3 Knute på tråden	36- 0	25 4
2 Øyfolket	11 Harry og co	16- 0	20 10
6 Lys og varme	7 Kronelaget	17- 2	20 10
10 Vi gir oss aldri	8 David mot Goliat	5-20	10 20
12 Dei håpefulle	5 Samningane	2-17	10 20
4 Mur og Puss	13 Bjørgo	0-49	1 25

Runde: 3

Lag		IMP	Poeng
6 Lys og varme	1 Åsemor og gje	24- 0	23 7
13 Bjørgo	2 Øyfolket	17- 7	18 12
12 Dei håpefulle	9 Klugis United	15-11	16 14
8 David mot Goliat	5 Samningane	13-18	14 16
10 Vi gir oss aldri	3 Knute på tråden	10-18	13 17
4 Mur og Puss	7 Kronelaget	11-39	6 24
11 Harry og co	14 Tordensky	1-39	3 25

Runde: 4

Lag		IMP	Poeng
7 Kronelaget	14 Tordensky	30- 1	24 6
1 Åsemor og gjengen	4 Mur og Puss	31-13	21 9
2 Øyfolket	3 Knute på tråden	26-19	17 13
5 Samningane	9 Klugis United	19-21	14 16
8 David mot Goliat	12 Dei håpefulle	12-26	11 19
13 Bjørgo	6 Lys og varme	0-19	9 21
10 Vi gir oss aldri	11 Harry og co	7-28	8 22

Av ulike grunnar let det seg ikkje gjere å presentere BUTLER. Dels har det samanheng med at spelarane ikkje var like flinke å slå inn (korrekt) spelarnr, dels er årsaka at ein har null røynsle med å handtere lagturnering i "RUTER", som er scoringssystemet ein no nyttar.
Det er slik at spelarnr er "eit must", sidan det blir brukt som nøkkel og summeringskriterium ved fleire rundar.
Me vonar at me andre kvelden greier å få inn spelarnr for alle spelarane i starten av kvar runde, slik at me kan presentere BUTLER-resultat.
Resultata første kveld er korrigert ved hjelp av resultatskjema. Me minner om at det ved lagturnering alltid skal leverast **ei liste frå kvart bord**! Arrangørlaget, som alltid sit Nord-Syd i Åpent rom og Øst-Vest i Lukka rom er ansvarleg for levering av listene, dei skal vere samanlikna med listene frå Gjestande lag. Ved evt. avvik mellom det som er slått inn via Bridgemate og det som er notert på listene, er det listene som gjeld!

Klubbmesterskapet

Klubbmesterskapet blir avvikla etter same mønster som i fjor. **To første kveldane – 1. og 8. november - spelar alle Monradturnering i ei pulje for kvalifisering til finalen som går over 3 kveldar – 15./22./29. november -, der alle møter alle.**
Tentativt spelar 22 par finale – det vert 21 rundar med 7 rundar, 4 spel i runden kvar kveld. Dei som ikkje er kvalifisert til finalen, spelar 3 kvelds turnering der dei to beste kveldar av 3 tel samanlagt.
Dersom deltakinga i innleiande runde mot formodning blir liten (mindre enn 36 par?), lyt me nøye oss med 16 par i finalen – det vert i så fall 15 rundar med 5 rundar, 6 spel i runden kvar kveld.
Det blir kravt medlemskap i klubben for deltaking i klubbmesterskapet.
Er du ikkje medlem kostar det kr 150 dersom du er medlem i NBF i ein annan klubb for 2011, elles er medlemskontingenten kr 500.

Påmelding i klubben, eller via e-post/telefon til underteikna.

SteKy

BM lag

BM lag (BM står for 'Bergensmesterskap' ikkje 'Bridgemate') går sin gang i Åsatun om torsdagskveldane. Sist torsdag var spelefri grunna skuleviterferie, den nytta me til å spele ein utsett kamp mot Lag Fløysand. Første spelet såg slik ut (Nord/Ingen):

Nord
♠ K D J T 7
♥ K 5 3
♦ -
♣ D T 7 4 3

Ei bra hand, tykte eg og opna med 1 spar. Då svaret frå makker var 2 kløver, såg eg ein mulig slem i det fjerne. Men kva skulle eg melde? "Jau", tenkte eg, "Splinter må vere tingen. Etter boka skulle det verte dobbelthopp i ny farge, men enkelt hopp etter 2 over 1, altså melde eg 3 ruter for å vise singelton eller renons i fargen. No melde makker 3 hjarter, og eg var usikker på om dette var kontrollmelding, så eg melde 5 kløver.
Kva kort makker no sat med når han melde 6 ruter, kunne eg berre undrast over, men kva anna kunne eg gjere enn å melde 7 kløver. Men makker gav seg ikkje med det – han melde forsyne meg 7 ruter.
Dermed vart eg speleførar i ein storeslem i ein farge eg ikkje hadde. Makker la ned desse korta som blindemann og ønskte lukke til, ettersom han hadde teke meldinga mi som styrkevisande 18-20 HP med 5-5 i spar og ruter:

♠ E 3
♥ 8 7 2
♦ E K T 4
♣ E 9 6 5

Eg henta 9 stikk, og gjekk dermed 4 dobla beit og ei utbetaling på 800. Ved andre bordet hadde dei spela 5 fornuftige kløver, så ein dårleg start kosta oss 15 IMP.
No vann me kampen 17-13 med IMP-resultata 77-63. Dette resultatet kunne motparten snudd i siste spelet (Vest/Nord-Syd).
Eg opna med 1 ruter med denne handa i Nord:

♠ E
♥ J T 3 2
♦ E K T 9 8 7 5
♣ 4

Då makker melde 1 spar, satsa eg på "standardkontrakten" 3 NT.
Kløverutspelet vart stukke med esset i bordet som hadde desse korta:

♠ K 10 9 8 7 4
♥ E 8 6
♦ 4
♣ E 10 9

og ei rask oppteljing synte at her var gode råd dyre: Tre gonger ruter, og Øst var inne. Han vurderte det slik at eg rimelegvis hadde ein kløverhonnør for mi 3 NT-melding, og etter ein god tenkepause spelte han hjarter, og dermed var kontrakten heime.
Kløverretur ville gitt beit, likeeins om spar hadde komme i utspel og teke bort sideinntaket mitt.
Ved det andre bordet vart det spela 3 ruter med 11 stikk, og me henta såleis 10 IMP på spelet, medan 1 beit hadde gitt 6 IMP til motparten, som dermed hadde vunne med 2 IMP og uavgjort kamp!
Ja, stundom er lukka betre enn forstanden!

SteKy

Neste tysdag

25. oktober vert det spela einkvelds turnering, deretter startar klubbmesterskapet. Hugs påmelding!